



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Egeland, Annbjørg Breiland	K2 - X31	14/2005

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
126/16	Formannskapet	PS	22.11.2016

Nærpolitireforma - høringsuttale frå Hjelmeland kommune

Vedlegg:

Nærpolitireforma- Høringsbrev til kommunane

Høringsbrev til kommunene

NÆRPOLITIREFORMA - DRØFTINGSSAK

Høringskonferanse 15.09

Diskusjonsgrunnlag høringskonferanse_5

Mandat for styringsgruppe kommunene_3

Invitasjon og agenda høringskonferanse 15.9.16_3

Referat frå møte ang. nærpolitireforma, 08.09.16.

Kommunene

Diskusjonsgrunnlag høringskonferanse_5

GDE tilrådning struktur - Sør-Vest politidistrikt

Politimesterens presentasjon. Høringskonferanse 15.9.16

Rammer og retningslinjer for etablering av nye politidistrikter_m påtale 43_ VERSJON 1.1

Endringer i politiets lokale tjenestestedsstruktur

Endring i politiets lokale tjenestestedsstruktur 557308_375217_0

P-AP9-S1_Oppdrag om effektivisering av politidistriktenes lokale struktur

Endringer i politiets lokale tjenestestedsstruktur

Endringer i politiets lokale tjenestestedsstruktur

Endring i politiets lokale tjenestestedsstruktur 557308_375217_0

Oppdrag om effektivisering av politidistriktenes lokale struktur

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune sender hørings svar til politimeisteren, med desse innspela:

Hjelmeland kommune tek til etterretning at Hjelmeland lensmannskontor blir nedlagt og ersatta med politikontaktordninga, og ynskjer at det vert lagt vekt på følgjande:

Hjelmeland kommune ynskjer at politikontakten er ein person med brei erfaring og



**HJELMELAND
KOMMUNE**

- fagkompetanse innafor politiarbeid, samt at vedkommande har god kjennskap til lokalmiljøet. Politikontakten må ha kunnskap om både førebyggjande arbeid, etterforskning og beredskap.
- Politikontakten vert kommunens kontaktpunkt mot politiet i alle typar saker – evt. rettleiar vidare til rette vedkommande.
 - Hjelmeland kommune tilbyr kontorlokaler til politikontakten på kommunehuset, som disponerast minimum ein fast dag i veka. Kontoret er disponibelt for politikontakten også dei andre dagane.
 - Det er ynskjeleg at politikontakten er mest mogleg ute blant innbyggjarane, med spesielt fokus på førebyggjande arbeid på skulane.
 - Politikontakten har ansvar for å følgje opp det førebyggjande arbeidet. Vedkommande møter i SLT-arbeidsgruppa og tar aktivt del i dette arbeidet.
 - Politikontakten har ein varaperson, som kan kontaktas dersom politikontakten ikkje er disponibel.

Hjelmeland kommune ynskjer at Tau vert kontorstad for tenesteområdet, og at opningstidene er tilpassa avstanden for innbyggjarane i Hjelmeland. Dersom forvaltningsoppgåver vert flytta til Stavanger-regionen, bør det kontoret som overtar oppgåvene vera ettermiddagsope minimum 5 dagar i veka.

Hjelmeland kommune ber om at tenesteeining Strand, Forsand og Hjelmeland har ei bemanning som gjev innbyggjarane i Hjelmeland tilfredsstillande polititjenester, og som ivaretar behovet for eit tett samarbeid mellom kommune og politi.

Hjelmeland kommune er positive til politimeisterens forslag til nytt namn for lensmannsdistriktet: Søre Ryfylke lensmannsdistrikt.

Hjelmeland, den 03.11.2016

Dag Flacké
Rådmann

Formannskapet - 126/16

FSK - behandling:

Behandling:

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak



**HJELMELAND
KOMMUNE**

FSK - vedtak:

Hjelmeland kommune sender høyringsvar til politimeisteren, med desse innspela:

Hjelmeland kommune tek til etterretning at Hjelmeland lensmannskontor blir nedlagt og ersatta med politikontaktordninga, og ynskjer at det vert lagt vekt på følgjande:

- Hjelmeland kommune ynskjer at politikontakten er ein person med brei erfaring og fagkompetanse innafor politiarbeid, samt at vedkommande har god kjennskap til lokalmiljøet. Politikontakten må ha kunnskap om både førebyggjande arbeid, etterforskning og beredskap.
- Politikontakten vert kommunens kontaktpunkt mot politiet i alle typar saker – evt. rettleiar vidare til rette vedkommande.
- Hjelmeland kommune tilbyr kontorlokaler til politikontakten på kommunehuset, som disponerast minimum ein fast dag i veka. Kontoret er disponibelt for politikontakten også dei andre dagane.
- Det er ynskjeleg at politikontakten er mest mogleg ute blant innbyggjarane, med spesielt fokus på førebyggjande arbeid på skulane.
- Politikontakten har ansvar for å følgje opp det førebyggjande arbeidet. Vedkommande møter i SLT-arbeidsgruppa og tar aktivt del i dette arbeidet.
- Politikontakten har ein varaperson, som kan kontaktas dersom politikontakten ikkje er disponibel.

Hjelmeland kommune ynskjer at Tau vert kontorstad for tenesteområdet, og at opningstidene er tilpassa avstanden for innbyggjarane i Hjelmeland. Dersom forvaltningsoppgåver vert flytta til Stavanger-regionen, bør det kontoret som overtar oppgåvene vera ettermiddagsope minimum 5 dagar i veka.

Hjelmeland kommune ber om at tenesteeining Strand, Forsand og Hjelmeland har ei bemanning som gjev innbyggjarane i Hjelmeland tilfredsstillande polititjenester, og som ivaretar behovet for eit tett samarbeid mellom kommune og politi.

Hjelmeland kommune er positive til politimeisterens forslag til nytt namn for lensmannsdistriktet: Søre Ryfylke lensmannsdistrikt.

Saksopplysninger:

Samandrag

Hjelmeland kommune har no motteke politimeisteren sitt høyringsbrev, i forbindelse med organisering av Nærpolitireforma. Høyringsfristen er 1. desember. Politimeisteren sender deretter si tilråding til politidirektøren innan 15. desember, før denne avgjer lokal struktur innan 15.01.2017. Rådmannen tilrår at kommunestyret sender høyringsvar i samsvar med framlegg til vedtak.

Fakta

Hjelmeland kommune har no motteke politimeisteren sitt høyringsbrev, i forbindelse med organisering av



HJELMELAND KOMMUNE

Nærpolitireforma. Høyringsfristen er 1. desember. Politimeisteren sender deretter si tilråding til politidirektøren innan 15. desember, før denne avgjer lokal struktur innan 15.01.2017.

Formannskapet gav i sak 094/16, desse innspela til politimeisterens arbeid med ny organisering:

-Hjelmeland kommune sluttar seg til den geografiske distriktsinndelinga. (GDE ØST)

-Hjelmeland kommune aksepterer at lensmannskontoret blir nedlagt, men det betinger god oppfølging av Politikontakt med minimum ein kontordag i veka. Ikkje minst det førebyggjande arbeidet må ivaretas. Kommunen stiller kontor til rådvelde på kommunehuset.

-Ønskeleg at kontorstad for tenesteområdet vert på Tau.

Politimeisteren har i sitt høyringsbrev føreslege at Hjelmeland lensmannskontor vert nedlagd, og vert erstatta av politikontakt-ordninga. Han ber i høyringssvaret om kommunens synspunkt på korleis ei slik ordning bør virke. Vidare etablerast ingen lokasjon på Forsand. Administrasjonsstaden vil bli lagt på Jørpeland, og leiraren for tenesteeininga vert lensmann. Vidare skriv han at plassering på Jørpeland vil medføre at enkelte innbyggjarar i Hjelmeland får lengre køyretid enn 45 min. til nærmaste tenestestad, men at det er innafor eit akseptabelt nivå. Innbyggjarane nord for Jøsenfjorden vil kunne få den føreslegne tenestestaden i Suldal som nærmaste politikontor.

Politimeisteren ber også om synspunkt på sitt forslag til nytt namn for lensmannsdistriktet: Søre Ryfylke lensmannsdistrikt.

Når det gjeld geografisk distriktsinndeling, så vil ikkje dette avgjerast på noverande tidspunkt. Politimeisteren har likevel skissert nokre forslag, og kommunane har anledning til å gje innspel kring dette også i høyringssvaret. Han skisserer, basert på både politifaglege vurderingar og hans behov knytt til leiing og styring av politidistriktet, desse forslaga:

Alternativ 1: Tre geografiske driftseiningar

1 GDE Haugesund: Tenesteeining Stord, Haugesund, Karmøy, Etne/Vindafjord og Sauda/Suldal.

2 GDE Stavanger: Tenesteeining Stavanger, Ryfylkeøyane og Strand, Forsand og Hjelmeland.



HJELMELAND KOMMUNE

3 GDE Sandnes:

Tenesteeining Sandnes, Jæren og Eigersund.

Alternativ 2: Sju geografiske driftseiningar

1 GDE Stord:	Tenesteeining Stord
2 GDE Haugesund og Karmøy:	Tenesteeining Haugesund og Karmøy
3 GDE Etne/Vindafjord, Sauda/Suldal:	Tenesteeining Etne/Vindafjord og Sauda/Suldal
4 GDE Stavanger: Hjelmeland	Tenesteeining Stavanger, Ryfylkeøyane og Strand, Forsand og Hjelmeland
5 GDE Sandnes:	Tenesteeining Sandnes
6 GDE Jæren:	Tenesteeining Jæren
7 GDE Dalane:	Tenesteeining Eigersund

Lovar, føresegner, rundskriv

P-AP9-S1_Oppdrag om effektivisering av politidistriktenes lokale struktur

Økonomiske konsekvensar

Kommunen stiller kontor til rådvelde for politikontakten.

Elles ingen kjende direkte kostnader.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

FSK sak 094/16

Innspel til politimeisteren undervegs i arbeidsprosessen:

-Hjelmeland kommune sluttar seg til den geografiske distriktsinndelinga. (GDE ØST)

-Hjelmeland kommune aksepterer at lensmannskontoret blir nedlagt, men det betinger god oppfølging av politikontakt med minimum ein kontordag i veka. Ikkje minst det førebyggjande arbeidet må ivaretas. Kommunen stiller kontor til rådvelde på kommunehuset.

-Ønskeleg at kontorstad for tenesteområdet vert på Tau.

Innkome uttalar

Ikkje relevant

Vurdering og konklusjon

Hjelmeland kommune sine innspel til politimeisteren i sjølve arbeidsprosessen, har i liten grad vorte høyrde (jmfr. politimeisteren sitt forslag til ny organisering), med unntak av punktet kring nedlegging av lensmannskontoret og politikontaktordninga. Politimeisteren ber kommunen komme med synspunkt på korleis vi ynskjer politikontaktordninga skal fungera, i høyringssvaret.



HJELMELAND KOMMUNE

Verken den geografiske distriktsinndelinga eller ynskjet om at tenesteområdet skal lokaliserast på Tau er imøtekome. Lokalisering på Tau er ikkje nemnd i høyringsdokumentet, det er derimot det foreløpige forslaget på geografisk distriktsinndeling.

Vurdering av tidlegare innspel og forslag til nye:

Hjelmeland kommune sluttar seg til den geografiske distriktsinndelinga. (GDE ØST)

Bakgrunnen for dette punktet er at tenesteeinheitane i det tidligare føreslegne GDE ØST (jmfr. arbeidsgruppe GDE si tilråding av geografisk struktur i Sør-Vest politidistrikt, versjon 1.0), Hjelmeland/Strand og Forsand, Etne/Vindafjord og Sauda/Suldal, er kommunar med eit utfordringsbilete som er nokså likt. Store avstandar og relativt lågt antal straffesaker per 1000 innbyggjarar kjenneteiknar området. Sauda/Suldal og Vindafjord/Etne er begge tenesteeinheitar i nokså same størrelse som Strand, Forsand og Hjelmeland, og det kan vera eit fortrinn når det gjeld fordeling av ressursar, prioritering ifht. førebyggjande arbeid, og liknande. Ei utfordring med å vera i ei geografisk distriktsinndeling ilag med Stavanger, kan vera at ressursane vert prioriterte inn til storbyen – der det er eit større antal straffesaker – medan distrikta vert nedprioriterte.

Når det gjeld den geografiske inndelinga, og forslaget om GDE ØST, var innspela frå dei andre kommunane at dei ikkje ser denne inndelinga som hensiktsmessig. Vindafjord/Etne meiner dei høyrer meir naturleg til Haugalandet, og ynskjer at dei evt. inngår i ein einheit ilag med Sauda/Suldal. Suldal har signalisert at dei meiner den føreslegne inndelinga vert avstandsmessig for stor, og mtp. at dei pr. i dag har eit samarbeid knytt til vaktordningar ilag med Vindafjord/Etne er det naturleg å tenkja at dei ynskjer å høyra inn under ei ny inndeling ilag med dei.

Politimeisteren begrunnar, i tillegg til uttalelsane frå kommunane, med politifagleg bakgrunn. Han har sjølv sagt andre forutsetningar for å sjå dette heilheitleg frå politiet sitt perspektiv, enn det Hjelmeland kommune har. Når det er sagt sit kommunen på lokalkunnskap og har kjennskap til lokale utfordringar, noko som gjer at vi kanskje likevel skal argumentere for at innspela våre bør gås gjennom ein gong til. Ein bør difor vurdere om dette er eit punkt som betyr mykje for innbyggjarane i kommunen, og i så tilfelle velje å begrunne dette endå betre i eit evt. høyringssvar.

Rådmannen meiner ein bør ha tillit til politimeisteren, og hans vurderingar ifht. fordeling av ressursar, og at Hjelmeland kommune vil få ei grei ordning også under GDE Stavanger. Når ein også ser at dei andre involverte kommunane ikkje har same oppfatning som oss ifht. inndelinga GDE ØST, vil det vera hensiktsmessig å godta politimeisteren sitt forslag.

Hjelmeland kommune aksepterer at lensmannskontoret blir nedlagt, men det betinger god oppfølging av politikontakt med minimum ein kontordag i veka. Ikkje minst det førebyggjande arbeidet må ivaretas. Kommunen stiller kontor til rådvelde på kommunehuset.



HJELMELAND KOMMUNE

Ein ser at det ligg tydeleg i føringane frå politidirektøren at lensmannskontor med få ansatte bør leggjast ned, slik at desse ressursane kan disponerast annleis. Lensmannskontoret på Hjelmeland vil difor med stor sannsynlegheit verta nedlagt uavhengig av kva Hjelmeland kommune meiner. Politimeisteren ber spesifikt om innspel på korleis den enkelte kommune ser føre seg ordninga med politikontakt, spesielt dei kommunane som ikkje i framtida vil ha ein eigen tenestestad (lensmannskontor).

Rådmannen ser det som naturleg å leggje fokus på desse punkta, når det gjeld politikontaktordninga:

- Hjelmeland kommune ynskjer at politikontakten er ein person med brei erfaring og fagkompetanse innafor politiarbeid, samt at vedkommande har god kjennskap til lokalmiljøet. Politikontakten må ha kunnskap om både førebyggjande arbeid, etterforskning og beredskap.
- Politikontakten vert kommunens kontaktpunkt mot politiet i alle typar saker – evt. rettleiar vidare til rette vedkommande.
- Hjelmeland kommune tilbyr kontorlokaler til politikontakten på kommunehuset, som disponerast minimum ein fast dag i veka. Kontoret er disponibelt for politikontakten også dei andre dagane.
- Det er ynskjeleg at politikontakten er mest mogleg ute blant innbyggjarane, med spesielt fokus på førebyggjande arbeid på skulane.
- Politikontakten har ansvar for å følgje opp det førebyggjande arbeidet. Vedkommande møter i SLT-arbeidsgruppa og tar aktivt del i dette arbeidet.
- Politikontakten har ein varaperson, som kan kontaktas dersom politikontakten ikkje er disponibel.

Det bør også nemnast at Hjelmeland kommune ynskjer at tenesteeinheiten vil ha ei bemanning som er tilfredsstillande. Det siste året har kommunen kjent på at det har vore for knappe ressursar hjå politiet, og det har vore vanskeleg å få til god kontinuitet, spesielt mtp. det førebyggjande arbeidet. Frå og med oktober 2016 – og fleire nyttilsetjingar på kontoret på Jørpeland – har situasjonen betra seg betrakteleg. Det er likevel viktig å påpeika at nok politioresursar er heilt naudsynt både mtp. på å dekkja innbyggjarane sitt behov for kontakt med politiet, men også behovet for tett samarbeid mellom kommune og politi.

Ønskeleg at kontorstad for tenesteområdet vert på Tau

Politimeisteren nemner ikkje dette punktet i sitt høyringsbrev. Dette har nok med at lokalitetane på Jørpeland allereie eksisterar, og at ein ikkje ser behov for å endre på dette.

Over halvparten av innbyggjarane i Hjelmeland kommune vil få lengre køyreveg enn dei anbefalte 45 min., når lensmannskontoret vert nedlagt. I kvalitetskrava til tenesteeinheitane (jmfr. oppdragsbrev frå JBD) står det at: «*Tjenestestedene lokaliseres slik at minst 90 % av innbyggerene i politidistriktet har maksimalt 45 minutters kjøretid til nærmeste tjenestested.*» Det vil seia at ein skal sjå alle innbyggjarane i heile Sør-Vest politidistrikt samla under eitt, og at det faktum at over halvparten av innbyggjarane i Hjelmeland kommune vil få lengre reiseveg enn 45 min. ikkje isolert sett har betydning. Ein tenestestad på Tau vil korte ned reisetida med 15. min., i tillegg vil ei lokalisering på Tau antakelegvis vera lettare tilgjengeleg for fleire. Dette både mtp. at innbyggjarane i Hjelmeland køyrer forbi Tau når dei skal til Stavanger, og at Tau er knutepunkt for kollektivtransport til og frå Hjelmeland – ein kan hoppe av bussen, besøke politiet og ta ferja vidare til



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Stavanger.

Spørsmålet er nok kor stor betydning dette har for innbyggjarane, sett i forhold til kostnadane med å omlokalisera det eksisterande kontoret på Jørpeland. Frå Hjelmeland kommune si side kan det vera fornuftig å ta dette innspelet vidare i eit evt. høyringssvar, for å gje politimeisteren eit signal om at ein anser dette som eit viktig punkt han bør ta med seg vidare, t.d. ved forlengelse/inngåing av nye leigeavtalar på kontorlokalitetar.

Det bør også nemnast noko om behovet for lange opningstider på lensmannskontoret, slik at innbyggjarane har høve til å besøke kontora på ettermiddag-/kveldstid. Det har vore drøfta at forvaltningsoppgåver som pass, køyreseddel, våpensøknad, osv., kanskje vil bli lagde til Stavanger-regionen. I tilfelle dette vert gjennomført er det særskild viktig at kontoret som overtar desse oppgåvene har lange nok opningstider til at innbyggjarar frå distriktskommunane slepp å ta fri frå arbeid for å besøka dei. Det bør vera eit minstekrav at dei skal ha ope utover ettermiddagen 5 dagar i veka.

Politimeisteren har også bedt om synspunkt på sitt forslag til nytt namn for lensmannsdistriktet: Søre Ryfylke lensmannsdistrikt. Rådmannen har ingen innvendingar på dette.

Rådmannen tilrår ut i frå desse vurderingane at Hjelmeland kommune sender høyringssvar med desse innspela:

Hjelmeland kommune tek til etterretning at lensmannskontoret blir nedlagt og erstatta med politikontaktordninga og ynskjer at det vert lagt vekt på følgjande:

- Hjelmeland kommune ynskjer at politikontakten er ein person med brei erfaring og fagkompetanse innafor politiarbeid, samt at vedkommande har god kjennskap til lokalmiljøet. Politikontakten må ha kunnskap om både førebyggjande arbeid, etterforskning og beredskap.
- Politikontakten vert kommunens kontaktpunkt mot politiet i alle typar saker – evt. rettleiar vidare til rette vedkommande.
- Hjelmeland kommune tilbyr kontorlokaler til politikontakten på kommunehuset, som disponerast minimum ein fast dag i veka. Kontoret er disponibelt for politikontakten også dei andre dagane.
- Det er ynskjeleg at politikontakten er mest mogleg ute blant innbyggjarane, med spesielt fokus på førebyggjande arbeid på skulane.
- Politikontakten har ansvar for å følgje opp det førebyggjande arbeidet. Vedkommande møter i SLT-arbeidsgruppa og tar aktivt del i dette arbeidet.
- Politikontakten har ein varaperson, som kan kontaktas dersom politikontakten ikkje er disponibel.

Hjelmeland kommune ynskjer at Tau vert kontorstad for tenesteområdet, og at opningstidene er tilpassa avstanden for innbyggjarane i Hjelmeland. Dersom forvaltningsoppgåver vert flytta til Stavanger-regionen, bør det kontoret som overtar oppgåvene vera ettermiddagsope minimum 5 dagar i veka.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Hjelmeland kommune ber om at tenesteeining Strand, Forsand og Hjelmeland har ei bemanning som gjev innbyggjarane i Hjelmeland tilfredsstillande polititjenester, og som ivaretar behovet for eit tett samarbeid mellom kommune og politi.

Hjelmeland kommune er positive til politimeisterens forslag til nytt namn for lensmannsdistriktet: Søre Ryfylke lensmannsdistrikt.